



Læringsmål

Når du har arbeidd med dette kapittelet, skal du kunne

- bruke grammatiske omgrep til å beskrive skilnader og likskapar mellom bokmål og nynorsk
- omsetje tekstar frå nynorsk til bokmål og frå bokmål til nynorsk
- skrive samanhengande tekstar med god språkføring på sidemålet



5

Sidemålet i bruk

Her er nokre smakebitar på nynorsk og bokmål før og no:

Aasens landsmål (*Fridtjovs saga*, omsett av Ivar Aasen, 1859):
Denne Saga byrjar med di, at Kong Bele styrde Sygna-Fylke. Han hadde try Born, ein Son, som heitte Helge, ein annan som heitte Halfdan, og ei Dotter som heitte Ingebjørg og som var myket væn og vitug; ho var dat fremste og beste Konungs Bornom.

Nynorsken i dag (*Fridtjovs saga*, omsett av Jon Fosse, 2014):
Denne soga tek til med at Kong Bele styrde over Sognefylket. Han hadde tre born, eine son hans heitte Helge, andre heitte Halfdan, dottera heitte Ingebjørg, ho var ven å sjå til og hadde godt vit, og ho var den fremste av kongens born.



▲ Peter Nicolai Arbo:
«Ingebjørg», (1868).

Asbjørnsen og Moes dansk-norsk (1852):
Det var en gang en Mand som var så grætten og vild og aldrig syntes han at Konen gjorde nok i Huset. Saa kom han hjem en Kvæld i Slaataanen, og green og skjændte og bandede; saa det lyste om han.

Bokmålet i dag:

Det var en gang en mann som var så gretten og vill, og aldri syntes han at kjerringa gjorde nok i huset. Så kom han hjem en kveld i slåtonna og gren og bante så det lyste om ham.

Kva har skjedd på vegne med dei to målformene? Jo, både bokmål og nynorsk byggjer i dag i mykje større grad på korleis uttale, ord og böyingsformer er i norsk talemål. Begge målformene speglar altså i stor grad levande norsk talemål. Sjølv om begge målformene dermed er heilt og fullt norske, er det framleis likevel to ulike målformer. Det kjem av at vi har mange ulike dialektar i landet, og dei to

skriftmålsvariantane speglar desse på to forskjellige måtar. I dette kapittelet skal vi halde fram med å sjå på likskapar og skilnader mellom bokmål og nynorsk.

EKSEMPELTEKST**FØR DU LES:**

Kva for likskapar og skilnader mellom bokmål og nynorsk kjenner du til? Tenkjeskriv i tre minutt.

Intriger og begjær Intrigar og attrå

En steinrik hotelleier bodde i en villa på Rosenholm, ikke langt fra sjøen. Hotelleieren var gammel og grinete, mens hans kone Rita var ung og livsglad. Det var ingen hemmelighet at hun hadde en ekstra god venn, den unge læreren Omar Hansen. En dag ble hotelleieren funnet myrdet i villaen, mens Rita og Omar Hansen var forsvunnet. Lensmannen, som var blitt tilkalt, fant tydelige fotspor etter dem fra villaen og ned til strandbredden. Ingen spor førte tilbake til villaen. På sjøen like utenfor fløt to gjenstander som ble fisket opp. Det viste seg å være en lue som var lærerens, og et skjerf som var Ritas. På grunnlag av dette ble det antatt at det dreide seg om selvmord. Men for sikkerhets skyld tilkalla lensmannen en KRIPOS-etterforsker fra Oslo. Etter befaring var etterforskeren uenig med lensmannen. Han mente at Rita og vennen hennes var i live, og at de enten holdt seg i skjul et eller annet sted eller var flyktet til utlandet. Etterforskerens oppdagelse var to merkelige omstendigheter ved fotsporene: For det første hadde læreren tatt kortere skritt enn hotelleierens kone. For det andre var avtrykkene av lærerens tå kraftigere enn av hælen. Hvilke sluttninger trakk han av dette?

Ein steinrik hotelleigar budde i ein villa på Rosenholm, ikkje langt frå sjøen. Hotelleigaren var gammal og grinete, medan kona hans Rita var ung og livsglad. Det var ingen løyndom at ho hadde ein ekstra god venn, den unge læraren Omar Hansen. Ein dag vart hotelleigaren funnen myrda i villaen, medan Rita og Omar Hansen var forsvunne. Lensmannen, som hadde vorte tilkalla, fann tydelege spor etter dei frå villaen og ned til strandbreidda. Ingen spor førte tilbake til villaen. På sjøen like utanfor flaut to gjenstandar som vart fiska opp. Det viste seg å vere ei lue som høyrdet til læraren, og eit skjerf som var Rita sitt. På grunnlag av dette meinte lensmannen at det dreia seg om sjølvmort. Men for å vere på den sikre sida tilkalla han ein KRIPOS-etterforskar frå Oslo. Etter å ha inspisert området var etterforskaren uenig med lensmannen. Han meinte at Rita og vennen hennar var i live, og at dei anten heldt seg skjulte ein eller annan stad eller var flyktta til utlandet. Etterforskaren oppdaga at det var to merkelege tilhøve ved fotspora: For det første hadde læraren teke kortare steg enn Rita. For det andre var avtrykka frå tåa til læraren kraftigare enn av hælen. Kva slutta han av dette?

OPPGÅVER

- 1 Før du les løysinga på gåta, må du gjere eit språkleg detektivarbeid:
 - a Finn tre døme på at nynorsk innimellom bruker heilt andre ord enn bokmål.
 - b Finn døme på at nynorsk nyttar andre formuleringar (måtar å seie ting på) enn bokmål.
 - c Finst det ord i nynorsktteksten som ligg nærmare dialekten din enn dei tilsvarende i bokmålteksten?
- 2 a Omset løysinga på gåta til nynorsk. Bruk det du hugsar frå 8. og 9. trinn om bøyning av substantiv, verb og adjektiv. I tillegg får du nokre tips her:

- Hugs å skrive om slik at vi ikkje får s-genitiv:
Lærerens støvler blir støvlane til læraren
- *Vann* heiter *vatn*
- *Eget skjerf* heiter *eige skjerf*
- *Man* heiter *ein*
- *Ellers* heiter *elles*
- *Dyp* heiter *djup*
- *Forlot* heiter *forlét*
- *Hoved* heiter *hovud*
- *Vei* heiter *veg*
- *Ble tatt* heiter *vart* eller *blei tekne* eller *tatt*

- b  Vurder omsetjinga di og peik på dei tre skilnadene mellom bokmål og nynorsk som du meiner er vanskelegast å mestre. Samanlikn med ein medelev og diskuter kva det er som gjer det vanskeleg.

Løysing:

Etter mordet gikk Rilla ned til stranden. Hun tok med seg lærerens støvler og lue. Lua og sittegget skjerf kastet hun på vannet, slik at det skulle se ut fortere enn ellers, og avtrykket av råa blir dyptre enn helle. Etterpå gikk tilbake til villaen baklene. Når man går baklene, blir skritene som om de hadde begått selvmord. Derpå tok hun på seg lærerens støvler og gikk ned til stranden. Hun tok med seg lærerens støvler De ble tatt på Svinessund idet de skulle forlate landet. Forlot partet huset gjennom hovedinngangen og tok veien inn til Oslo.



No har du nok oppdaga at sidemålet i det store og heile er ganske kjent for deg. Ein del kunnskapar om sidemålet har du sikkert fått med deg frå norskundervisninga på 8. og 9. trinn. Når du no på 10. trinn for alvor skal i gang med å skrive tekstar på sidemålet, vil du nok likevel oppleve at du kan bli usikker på både kva for bøyingsformer som er dei rette, og kva for ord og uttrykk du skal bruke. Vi skal arbeide med korleis ein best uttrykkjer seg på sidemålet i dette kapittelet. Samtidig vil du få ein gjennomgang av grammatikken. Mykje av grammatikken vil vere repetisjon frå 8. og 9. trinn, men her er også nytt stoff.

Substantiv

Substantiv blir delte inn etter *kjønn* og blir bøygde i *tal* og *ubestemt* og *bestemt* form:

BØYING AV SUBSTANTIV									
NYNORSK	Ubestemt eintal	Bestemt eintal (den)	Ubestemt fleirtal (fleire)	Bestemt fleirtal (alle)	BOKMÅL	Ubestemt entall	Bestemt entall (den)	Ubestemt flertall (flere)	Bestemt flertall (alle)
Hankjønn	ein gut	guten	gutar	gutane	Hankjønn	en gutt	gutten	gutter	guttene
Hokjønn	ei jente	jenta	jenter	gentene	Hunkjønn	ei jente	jenta	jenter	gentene
Inkjekjønn	eit brød	brødet	brød	brøda	Intetkjønn	et brød	brødet	brød	brødene/brøda

Hankjønnsorda

Hankjønnsorda får i nynorsk *-en* i bestemt form eintal og *-ar* og *-ane* i fleirtal:

NN: *ein bil – bilen – bilar – bilane*
ein veg – vegen – vegar – vegane

BM: *en bil – bilen – biler – bilene*
en vei/veg – veien/vegen – veier/veger – veiene/vegene

Ver merksam på at det er nokre unntak frå hovudregelen:

- Ord som endar på *-nad*:

NN: *ein månad – månaden – månader/-ar – månadene/-ane*
 BM: *en måned – måneden – måneder – månedene*

- Framord som endar på *-a*:
 NN: *ein villa – villaen – villaer/-ar – villaene/-ane*
 BM: *en villa – villaen – villaer – villaene*
- Ver merksam på ordet *son*. Det får *omlyd*, det vil seie *skifte av vokal*, og *-er* og *-ene* i fleirtal:
 NN: *ein son – sonen – søner – sønene*
 BM: *en sønn – sønnen – sønner – sønnene*
- Ordet *fot* får øg omlyd – både i nynorsk og bokmål:
 NN: *ein fot – foten – føter – føtene*
 BM: *en fot – foten – føtter – føttene*
- Ver merksam på at yrkestitlar og nasjonalitetsord som endar på *-ar* i ubestemt form eintal i nynorsk, i tillegg får *-ar* i ubestemt form fleirtal:
 NN: *ein hotelleigar – hotelleigaren – hotelleigarar – hotelleigarane*
 BM: *en hotelleier – hotelleieren – hotelleiere – hotelleirne*

▼ Kor mange yrkestitlar finn du i biletet? Kan du bøye dei i begge målformene?



100 | Kapittel 5 Sidemålet i bruk

Hokjønnsorda

- Hovudregelen i nynorsk er *-a* i bestemt form eintal og *-er* og *-ene* i fleirtal:
- NN: *ei dør – døra – dører – dørene*
 BM: *ei/en dør – døra/-en – dører – dørene*

Du hugsar kanskje dette unntaket frå hovudregelen:

- Hokjønnsord som sluttar på *-ing*, får same fleirtalsbøyning som hankjønnsord:
- NN: *ei kjerring – kjerringa – kjerringar – kjerringane*
ei trening – treninga – treningar – treningane
 BM: *ei/en kjerring – kjerringa/-en – kjerringer – kjerringene*
ei/en trening – treninga/-en – treninger – treningene

P

Unntak i bøyning av substantiv, hankjønn

Nynorsk					Bokmål				
	Ubestemt eintal	Bestemt eintal (den)	Ubestemt fleirtal (fleire)	Bestemt fleirtal (alle)		Ubestemt entall	Bestemt entall (den)	Ubestemt flertall (flere)	Bestemt flertall (alle)
	ein son	sonen	søner	sønene	en sønn	sønnen	sønner	sønnene	
	ein far	faren	fedrar	fedrane	en far	faren	fedre	fedrene	
	ein bror	broren	brør	brørne	en bror	broren	brødre	brødrene	
Ord som endar på -nad	ein månad	månad(en)	månader/ månadar	månadene/ månadane	en måned	måned(en)	måned(er)	månedene	
Ord som endar på -a	ein villa	villa(en)	villaer/ villaar	villaene/ villaane	en villa	villaen	villaer	villaene	

Unntak i bøyning av substantiv, hokjønn

Nynorsk					Bokmål				
	Ubestemt eintal	Bestemt eintal (den)	Ubestemt fleirtal (fleire)	Bestemt fleirtal (alle)		Ubestemt entall	Bestemt entall (den)	Ubestemt flertall (flere)	Bestemt flertall (alle)
	ei dotter	dottera	døtrer	døtrene	ei/en datter	dattera/ datteren	døtrer/ døtre	døtrene	
	ei mor	mora	mødrer	mødrene	ei/en mor	mora/ moren	mødrer/ mødre	mødrene	
	ei syster/ søster	systera/ søstera	systrer/ søstrer	systrene/ søstrene	ei/en søster	søstera/ søsteren	søstrer/ søstre	søstrene	
Ord som endar på -ing	ei kjerring	kjerringa	kjerringar	kjerringane	ei/en kjerring	kjerringa/ kjerringen	kjerringer	kjerringene	

Kjekt å vite: Ord som endar på *-heit*, er hokjønnsord på nynorsk:

NN: *ei leilegheit – leilegheita – leilegheiter – leilegheitene*

BM: *en/ei leilighet – leiligheten/-a – leiligheter – leilighetene*

Er du i tvil om eit ord er hankjønn eller hokjønn, spør du deg sjølv:

Kjennest det naturleg å bruke hokjønnsforma *-a* i bestemt form eintal, er det truleg eit hokjønnsord. Til dømes er det naturleg å seie *den tavla* (ei tavle), men ikkje *den eleva* (ein elev).

Inkjekjønnsorda

Inkjekjønnsorda har i nynorsk *inga ending* i ubestemt form fleirtal og *-a* i bestemt form fleirtal.

NN: *eit eple – eplet – eple – epla*

BM: *et eple – eplet – epler – epla/-ene*

Ingen unntak. Hugs: Aldri *-r* i ubestemt form fleirtal i nynorsk: Det heiter *eple, møte, tre*, sjølv om det er fleirtal. I bokmål: *epler, møter, trær*.

OPPGÅVER

- 3** Finn døme på hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnssubstantiv i bokmålsversjonen av eksempelteksten på side 96. Sjå korleis desse substantiva er bøygde i nynorskversjonen.
- 4 a** Eitt av substantiva i eksempelteksten på side 96 har ulikt kjønn på bokmål og nynorsk. Kva for substantiv?
- b** Kva kjønn har substantivet på bokmål og nynorsk? Kan du bøye substantivet?
- 5 a** Finn døme på yrkestitlar i eksempelteksten på side 96. Korleis vil du bøye desse orda på nynorsk?
- b** Bøy desse substantiva i begge målformer: *amerikanar, bakar, røyrleggjar, truckførar, italienar*.
- 6 a** Skriv ein kort tekst på sidemålet ditt om ein dag du fekk besök av *ein gjest*. Prøv å få med alle formene av det substantivet.
- b** Skriv ein kort tekst på sidemålet ditt om da du var på *elevrådsmøte*. Prøv å få med alle formene av substantivet.
- 7 a** Lag eit kolonnenotat med ein kolonne for kvart kjønn og plasser desse nynorskorda i riktig kolonne: *journalist, amerikanar, problem, øy, fengsel, elv, hulder, setning, maskin, opera, søkerad, bonde, styresmakt, frimerke, song, stund, hjarte,auge, himmel, vise*.
- b** Vel ut fem av orda og lag setningar med dei slik at det blir ei kort forteljing av det.
- 8 a** Sjå deg rundt og finn døme på minst ti substantiv i omgivnadene dine.
- b** Skriv ei setning på sidemålet ditt med kvart av orda du har plukka ut.
- c** Byt med sidemannen og sjekk om orda hans eller hennar er bøygde rett.
- d** Bøy desse substantiva på nynorsk: *hage, gartnar, danske, søkerad, veg, sofa, gris, dame, løysing*.

Genitiv

Å uttrykkje genitiv vil seie å uttrykkje eigedomsforhold. Å setje ein s til substantivet er ein måte å gjere dette på, og den kallar vi genitiv-s: *Omars kjæraste heiter Rita*. På nynorsk bruker vi oftast s-genitiv berre ved


- Særnamn: *Petters kjæraste, Pakistans president, Stortingets talarstol, Noregs Mållag*.
- Faste uttrykk: *fleire timars reise, to dagars frist*.

I bokmål er *s-genitiv* meir vanleg: *husets eier, filmens hovedrolle*. Men berre å bruke *s-genitiv* i bokmål blir litt monotont, så vi bør også i bokmål variere med andre måtar å uttrykkje eigedomsforhold på. Måtar vi kan gjere dette på:

- Ved å bruke preposisjonar: *talen til statsministeren, kjærasten til Omar, tilstanden til sjåføren, framtida for ungdommen*.
- Vi kan lage samansetningar. I staden for *eigaren til hotellet* kan vi seie *hotelleigaren*. Og i bokmål: *hotelleieren* i staden for *hotellets eier*.
- Skrive om setninga heilt: BM: *Hva er elevrådets syn på saken?*
NN: *Kva syn har elevrådet på saka?* BM: *Ved møtets slutt...* NN: *Da møtet slutta...*

Munnleg kan vi av og til høyre former som *statsministeren sin tale*. Vi bør likevel helst ikkje bytte ut *s-genitiv* med *sin/sitt/sine* i skrift.

Det er mest ei munnleg form.
Da bruker vi til dømes
omskriving med preposisjon
i staden for
statsministeren sin tale kan vi
skrive *talen til statsministeren*.



◀ Korleis kan du beskrive eigedomsforholdet på biletet på nynorsk? Og på bokmål?

OPPGÅVER

9 Omset desse genitivsuttrykka til nynorsk:

Barnas framtid
Skolens lærere
Norges OL-tropp
Husets eier
Elevrådets leder
Petters ideer
Morens klesskap
Sommerens blomster
Landets innbyggere

10 Omset til nynorsk:

Han visste alt om det andre lagets taktikk.
De ville bare barnas beste.
De fant tyvegodset i skolens nærhet.
Bokas innhold ble nøyne referert i elevenes skrivebøker.

Elevenes forslag om gratis is hver fredag ble tatt opp i skolens styre.

11 Omset til nynorsk:

- a *Pasientens tilstand var kritisk da sykebilen nådde sykehusets intensivavdeling. Akuttmottakets vakthavende lege tok av pasientens klær og begynte undersøkelsen. Undersøkelsens mål var å finne ut av skadens omfang. Etter fire timers undersøkelser ble pasientens tilstand erklært stabil. Da var legen også ferdig med dagens vakt.*
- b *Korleis ville denne teksten ha sett ut dersom du skulle teke utgangspunkt i talemålet ditt? Vel minst to setningar frå teksten og skriv dei på dialekten din.*

Ord med etterstavingane -het og -else på bokmål

Substantiv som endar på -het og -else, er vanlege i bokmål. Slike ord kom inn i norsk gjennom dei tyske hanseatane frå 1300-talet og fram til midten av 1600-talet. I nynorsk har desse orda vorte oppfatta som framandelement, men ord på -heit har etter kvart vorte ganske vanlege også i nynorsk, for eksempel *leilegheit*, *moglegheit*. Men der det finst vanlege nynorske ord, bruker vi dei. Til dømes heiter *kjærlighet* *kjærleik* på nynorsk. Ord som endar på -else, nyttar vi helst ikkje på nynorsk, men unntak finst, til dømes *betennelse*, *stivelse* og *spøkelse*.

Ein del ord som har -else som etterstaving på bokmål, får -ing på nynorsk, til dømes blir *forstavelse* til *forstaving*, *fornyelse* til *fornying*, *endelse* til *ending*.

I staden for ein del av -het og -else-orda i bokmål bruker ein eigne ord eller omskrivingar i nynorsk, til dømes heiter *tillatelse* *løyve*. I ordlista di vil du finne forslag til andre ord og omskrivingar.

104

Kapittel 5 Sidemålet i bruk



► Omset følgjande setningar på bokmål til nynorsk:
Sangen handlet om kjærighet og ensomhet, og musikerne
var svært begavet. Publikum klappet begeistret.

BM	NN
frihet	fridom
rettferdighet	rettferd
størrelse	storleik
følelse	kjensle
forstavelse	forstaving

TENK OVER

La du merke til at orda med forstavingane *an-* og *be-* var verb? Kva må til for at dei nemnde orda skal bli substantiv?

Ord med forstavingane *an-* og *be-* på bokmål

På same måte som etterstavingane *-het* og *-else* høyrer forstavingane *an-* og *be-* helst bokmålet til, men dei finst også i nynorsk i ord som *betale*, *begynne* og *anbefale*. Når vi skriv nynorsk, prøver vi likevel å finne andre nynorske ord, til dømes seier vi gjerne *nytte* eller *bruke* i staden for *benytte*, eller *slit* eller *strev* i staden for *anstrengelse*. Mange slike ord med forstavingane *an-* og *be-* finn du ikkje i nynorskordlista i det heile, til dømes *anfører* eller *ankomme*. Her må vi skrive *førar* og *komme/kome (fram)* på nynorsk.

OPPGÅVER

- 12 a** Finn minst eitt døme på ord med forstavingane *an-* og *be-* og etterstavingane *-het* og *-else* i bokmålsversjonen av eksempeletksten. Undersök nynorsksetjinga og peik på korleis desse orda har vorte omsette.
b Undersök nynorskversjonen av eksempeletksten: Korleis har omsetjaren skrive om substantiva som sluttar på *-ing*, *i* dei to setningane nedanfor?
 BM: *Etter befaring var etterforskeren uenig med lensmannen.*
 BM: *Hvilke slutninger trakk han av dette?*
- 13 a** Finn nynorske ord du kan bruke i staden for desse bokmålsorda. Prøv deg fram med *-ing*, *-heit*, *-leik* eller *inga ending*.

Forståelse	Undersøkelse
Trygghet	Avgjørelse
Hemmelighet	Ledelse
Ensomhet	Sannhet
Etterstavelse	

- b** Slå opp i ordboka og finn ut kva som er korrekt.
c Når du bruker etterstavingane *-het/-heit*, *-ing*, *-leik* eller *-else*, får du substantiv. Men kva for ordklasse høyrer orda opphavleg til?

- 14 a** Slå opp desse orda i fornorskingstillegget i ordboka og sjå kva for alternative ord eller uttrykk ordboka gir: *anta*, *antyde*, *anledning*, *anskaffe*, *begripe*, *begrunne*, *begrense*.
b Finn fleire *an-* og *be-*ord. Vel minst fem ord og skriv ein kort tekst til klassekameratane dine om kvifor dei skal lære sidemål.

F

Bak i ordlista vil du finne ei liste med forslag til nynorske ord eller omskrivingar, som vi kallar *fornorskningstillegg*. På Språkrådets heimeside finn du ei ordliste som heiter

Administrativ ordliste. Ho inneholder forslag til nynorske ord i staden for mange bokmålsord. Lista kan du bruke dersom du blir usikker når du skriv.

Adjektiv

Adjektiva beskriver ting og personar:
ein stor mann, ei stor jente, eit stort tre, store hus

Adjektiva blir *samsvarsbøygde*. Det vil seie at dei blir bøygde i *kjønn* og *tal* i samsvar med det substantivet dei står til:

SAMSVARSBØYING AV ADJEKTIV

NYNORSK	Ubestemt eintal	Ubestemt fleirtal (fleire)	BOKMÅL	Ubestemt entall	Ubestemt flertall (flere)
Hankjønn	ein kjekk gut	kjekke gutter	Hankjønn	en kjekk gutt	kjekke gutter
Hokjønn	ei pen jente	pene jenter	Hunkjønn	ei pen jente	pene jenter
Inkjekjønn	eit stort hus	store hus	Intetkjønn	et stort hus	store hus

Adjektiv kan også bli gradbøygde. Det vil seie at dei blir bøygde i tre ulike gradar eller former når vi samanliknar ting:

	NYNORSK	BOKMÅL
Positiv (lågaste/laveste grad)	Faren min er sterkt	Faren min er sterkt
Komparativ (mellomste grad)	Faren min er sterkeare	Faren min er sterkeere
Superlativ (høgaste/høyeste grad)	Faren min er sterkest	Faren min er sterkest

Bøyning av adjektiv på nynorsk

Adjektiv som endar på *-en*, har ei spesiell bøyning på nynorsk.

Fleire bøyningar er moglege i nokre tilfelle. Da står bøyninga i parentes i ordboka:

NN: *ein open port – ei open dør – eit ope (opent) vindauge – opne rom*
 BM: *en åpen port – ei/en åpen dør – et åpent vindu – åpne vindu(er)*

NN: *ein galen hund – ei galen retning – eit gale (galent) svar – galne gutter*
 BM: *en gal hund – ei/en gal retning – et galt svar – gale svar*

106 | Kapittel 5 Sidemålet i bruk

Adjektivet *liten* har ei eiga bøyning på bokmål og nynorsk:

NN: *ein liten tallerken – ei lita kake – eit lite stykke – små bitar*

BM: *en liten tallerken – ei lita kake / en liten kake – et lite stykke
– små biter*

Gradbøyninga er enkel – med *-are* i komparativ og *-ast* i superlativ.

Men hugs at du nokre gonger må bruke *meir* og *mest* for å vise grad:

moderne – meir moderne – mest moderne

strålande – meir strålande – mest strålande



Kjekt å vite: Nokre adjektiv blir ikkje meir nynorske av *-leg* som ending. Det heiter til dømes *kjølig*, *forskjellig* og *saftig*. Men det heiter *utruleg*, *roleg* og *gledeleg*. Slå opp dersom du er i tvil.

► Sjå på biletet. Kor mange adjektiv finn du? Kan du gradbøyge dei i begge målformene?

OPPGÅVER

- 15 a Finn minst fire adjektiv i eksempelteksten på side 96.
b Beskriv kva funksjon adjektiva har i setningane. Kva tilfører dei språket?
c Byt ut minst to av orda med adjektiv du finn på sjølv. Korleis endrar teksten seg?
- 16 Sjå på eksempelteksten på side 96. Finn to adjektiv som er gradbøygde. Har dei same forma på bokmål og nynorsk? Kva er likt, og kva er ulikt?
- 17 Skriv ein kort tekst om attrå på sidemålet ditt. Finn adjektiv sjølv.
- 18 Fyll inn rett form av adjektivet *liten*.

Per hadde ein _____ blogg der han kvar morgen skrev eit _____ samandrag om kva han hadde drøymt. På den _____ nettsida posta han også kvar kveld ei _____ melding om kva han trudde han ville drøyme om. Den _____ lesarflokken hans kom ofte med _____ kommentarar.

- 19 a Skriv ei adjektivhistorie om ein dag på skulen. Få medelevane dine til å kome med forslag til adjektiv som du fyller ut historia med. Hugs å bruke rett form av orda. Les historia høgt i klassen.
b Kva skjer med teksten din dersom du byter ut nokre av adjektiva med andre adjektiv?

Verb

Verb kan vi kalle *gjereord* fordi dei viser *at* noko skjer. Vi kan også kalle dei *tidord* fordi dei viser *når* noko skjer. I nynorsk kan verb i infinitiv (oppslagsforma) også ende på -a, men her fører vi berre opp e-infinitiv. Verb blir bøygde i notid, fortid og framtid:

Bøyning av verb			
	Tid	Nynorsk	Bokmål
Enkle tider	Presens (notid/nåtid)	Ho smiler pent	Hun smiler pent
	Preteritum (fortid)	Ho smilte pent	Hun smilte pent
Samansette/ sammensatte tider (har med hjelpeverb)	Presens perfektum	Ho har smilt pent	Hun har smilt pent
	Preteritum perfektum	Ho hadde smilt pent	Hun hadde smilt pent
	Presens futurum (framtid)	Ho skal/vil smile pent	Hun skal/vil smile pent
	Preteritum futurum	Ho skulle/ville smile pent	Hun skulle/ville smile pent

Vi deler verb inn i *sterke* og *svake* verb. Svake verb har ending i preteritum. Sterke verb har ingen ending i preteritum, og mange har skifte av vokal. Sterke verb på nynorsk har heller ikke ending i presens:

Han skriv ein ny e-post, for den han skrev i går, fekk han aldri svar på.

Bøyning av svake og sterke verb								
Type verb	Nynorsk				Bokmål			
	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum
Svakt a-verb	å bade	badar	bada	har bada	å bade	bader	badet/bada	har badet/bada
Svakt e-verb	å lyse	lyser	lyste	har lyst	å lyse	lyser	lyste	har lyst
Sterke verb	å drikke	drikk	drakk	har drukke	å drikke	drikker	drakk	har drukket

Svake verb på nynorsk

a-verbene får -ar i presens og -a i preteritum (fortid) på nynorsk.

a-verbene har -et eller -a i preteritum på bokmål:

NN: å klappe – klappar – klappa – har klappe

BM: å klappe – klapper – klappet/klappa – har klappet/klappa

F

Er du usikker på om eit verb er eit a-verb eller eit e-verb, spør du deg sjølv om kva verbet heiter i preteritum på bokmål. Endar det på -et eller -a (*hoppet* eller *hoppa*), da er det eit a-verb. Endar det på -te (*tenkte*, *lyste*), da er det eit e-verb. Hugs: Det heiter aldri *hoppet*, *danset* osv. på nynorsk.

e-verba får -er i presens og -te eller -de i preteritum (fortid):

NN: å klemme – klemmer – klemte/klemde – har klemt

BM: å klemme – klemmer – klemte – har klemt

NN: å leve – lever – levde – har levd/levt

BM: å leve – lever – levde – har levd

På nynorsk er det ein god del fleire verb som får -de, enn i bokmål:

NN: å drøyme – drøymer – drøynde – har drøymt

BM: å drømme – drømmer – drømte – har drømt

Verb som sluttar på -ere, blir bøygde som e-verb:

NN: å organisere – organiserer – organiserte – har organisert

BM: å organisere – organiserer – organiserte – har organisert

Dei fleste e-verba har altså lik bøyning på bokmål og nynorsk.

Det finst eit par grupper til av svake verb:

j-verb

NN: å velje – vel – valde – har valt

NN: å fortelje – fortel – fortalte – har fortalt

Slike verb endar på je i infinitiv.

Dei får inga ending i presens og -de i preteritum.

Dei fleste skiftar òg vokal i preteritum.

Kortverb

Kortverb heiter kortverb fordi dei ikkje har ending i infinitiv, dvs. at dei endar på vokalen i verbet:

NN: å nå – når – nådde – har nådd (nått)

å bu – bur – budde – har budd (butt)

BM: å nå – når – nådde – har nådd

å bo – bor – bodde – har bodd

Dei endar på -r i presens.

Dei får -dde i preteritum.



▲ Kor mange verb finn du i biletet?

OPPGÅVER

- 20 a Finn alle svake verb på nynorsk i eksempelteksten. Skriv dei opp i eit kolonnenotat, bøy dei og bestem kva type svakt verb dei er.
 b Formuler ein framgangsmåte du kan bruke neste gong for å bestemme kva bøyingsmønster eit verb har på nynorsk.
- 21 a Bøy desse verba: *arbeide, bu, høyre, nå, byggje, snu, dramatisere, gro, køyre, diskutere, døy, klø, drøyme.*

- b Samanlikn bøyingsmønstera for j-verb, kortverb og regelrette e-verb. Kva er dei viktigaste skilnadene mellom mønstera?
 22 a Bøy desse verba i begge målformene: *fortelje, selje, spørje, setje.*
 b Gå saman med ein medelev og lag ei forklaring på bøyingsmønsteret de fann.

Sterke verb på nynorsk

Sterke verb på nynorsk har ikkje ending i presens og preteritum. Dei har òg vokalskifte: *å finne – finn – fann – har funne*

Det er ulike grupper av sterke verb. Vokalskiftet har litt ulikt mønster i gruppene. Alle sterke verb står med fullstendig böying i ordboka.

Gruppe 1: Bokmål: i – ei – i				Nynorsk: i – ei – i			
å skrive	skriv	skreiv	har skrive	å skrive	skriver	skrev/skreiv	har skrevet
å bite	bit	beit	har bite	å bite	biter	bet/beit	har bitt
Gruppe 2: Bokmål: y – au – o				Nynorsk: y – au – o			
åstryke	stryk	strauk	har stroke	åstryke	stryker	strøk/strøyk	har strøket
å bryte	bryt	braut	har broke	å bryte	bryter	brøt;brøyt	har brutt
Gruppe 3: Bokmål: e/i – a/o – u				Nynorsk: i – a – u			
å drikke	drikk	drakk	har drukke	å drikke	drikker	drakk	har drukket
å stikke	stikk	stakk	har stukke	å stikke	stikker	stakk	har stukket
å springe	spring	sprang	har sprunga	å springe	springer	sprang	har sprunget
å finne	finn	fann	har funne	å finne	finner	fant	har funnet
Gruppe 4: ymse sterke verb Bokmål				Nynorsk			
å lese	les	las	har lese	å lese	leser	leste	har lest
å sitje	sit	sat	har sete	å sitte	sitter	satt	har sittet
å fare	fer	fór	har fare	å fare	farer	for	har fart
å falle	fell	fall	har falle	å falle	faller	falt	har falt
å grave	grev	grov	har grave	å grave	graver	grov/gravde	har gravd
å bere	ber	bar	har bore	å bære	bærer	bar	har båret
å stele	stel	stal	har stole	å stjele	stjeler	stjal	har stjålet

Passiv

På bokmål lagar vi ofte passiv ved å setje ein s til verbet. Til dømes: *husene males, bilene vaskes, marsvina mates.*

I nynorsk bruker vi helst *aktiv* form: *Det snakkes mye og gjøres lite* kan vi skrive slik på nynorsk: *Folk snakkar mykje, men gjer lite.* Dersom det ikkje er naturleg å skrive om til aktiv form, kan vi skrive om med hjelpeverbet *å bli*:



▲ Lammet må
matast.

Husa blir måla, bilene blir vaska, marsvina blir mata.

Også på bokmål er det ofte best å ha ein aktiv uttrykksmåte:

Det kjøres ofte for fort på denne strekningen kan vi heller skrive slik:
Mange kjører for fort på denne strekningen.

Nynorsk har også passivformer av verb: *vaskast, målast, matast*. Vi kan nyte dei i infinitiv etter hjelpeverb i formuleringar som dette:
Marsvina må matast. Huset skal målast. Bilane bør vaskast.

Verb på -st

Ei gruppe verb endar på -st i alle former på nynorsk:

å finnast – finst – fanst – har funnest
å synast – synest – syntest – har synst
å møtast – møtest – møttest – har møtst

Det *finst* ikkje spøkelse.

Eg *synest* du er flink.

Skal vi *møtast* etter skulen i dag?

Desse verba har ei aktiv tyding, og vi må ikkje forveksle dei med passivformene som vi bør unngå. Skilnaden kan du finne i ordlista. Verb på -st som ikkje er passivform, er eigne oppslagsord med -ast som ending. Dersom du ikkje finn ordet slik, bør du altså unngå -st-endinga, for da snakkar vi om passivforma av eit verb.

Samsvarsbøyning

Perfektum partisipp heiter den forma av verbet vi bruker etter hjelpeverbet å *ha* når vi bøyer a verbo, det vil seie dei fire formene infinitiv, presens, preteritum og presens perfektum:

NN: å *stele* – *stel* – *stal* – *har stole*

BM: å *stjele* – *stjeler* – *stjal* – *har stjålet*

Vi bøyer partisippet som eit adjektiv når det står framfor eit substantiv, både på bokmål og nynorsk. Det vil seie at vi har ei felles bøyingsform for hankjønn og hokjønn, og ei eiga form for inkjekjønn og fleirtal. Oftast vil ubestemt form eintal bli bøygd likt for hankjønn, hokjønn og inkjekjønn, mens både bokmål og nynorsk har -ne-ending i bestemt form og fleirtal.

112 | Kapittel 5 Sidemålet i bruk

NN:	<i>ein stolen mobil</i>	<i>ei stolen veske</i>	<i>eit stole smykke</i>
	<i>fleire stolne pengar</i>	<i>dei stolne pengane</i>	
BM:	<i>en stjålet mobil</i>	<i>ei/en stjålet veske</i>	<i>et stjålet smykke</i>
	<i>flere stjålne pengar</i>	<i>de stjålne pengene</i>	

I nynorsk bøyer vi i tillegg partisippa av sterke verb når dei kjem etter *vere*, *verte* eller *bli*. Det vil seie at det blir *pengane er stolne* på nynorsk, medan vi i bokmål skriv *pengene er stjålet*. I nynorsk får partisippet bøyning som om det skulle vore eit adjektiv framfor eit substantiv.

NN:	<i>mobilen er stolen</i>	<i>veska er stolen</i>	<i>smykket er stole</i>
	<i>pengane er stolne</i>		
BM:	<i>mobilen er stjålet</i>	<i>veska er stjålet</i>	<i>smykket er stjålet</i>
	<i>pengene er stjålet</i>		

OPPGÅVER

- 23 Bøy desse sterke verba a verbo: *bli, ete, fare, få, gi, kome, lese, liggje, sitje, sjå, ta, verte*.
- 24 a Omset følgjande setning på bokmål til nynorsk utan passivformer av verb:
Det diskuteres stadig hva det er som gjør at skolen oppleves som ensformig.
- b Kva måtte du leggje til av ekstra informasjon, og kvifor?
- 25 Slå opp i ordlista og bruk desse to verba i kvar si setning i presens: *å trivast* og *å spørjast*. Forklar kvifor verba ikkje står i passiv sjølv om dei endar på -st.
- 26 Finn fem verb som står i preteritum i eksemplet teksten på side 96, og bøy dei a verbo.
- 27 a Fyll ut rett form av verbet *å skrive*:

E-posten var _____ av ein hemmeleg beundrar. Tekstmeldinga, derimot, var _____ av ein ho ikkje likte. Kåseriet vart _____ på ti minutt. Oppgåvane vart _____ i siste liten.

Og verbet *å lese*:

Romanen er _____. Boka er _____. Brevet er _____. Novellene er _____.

Og verbet *å grave*:

Grøfta er _____. Holet er _____. Grøftene er _____.

b Ovanfor har du øvd på samsvarsbøyning. Kva er grunnen til at det skulle vere samsvarsbøyning i alle setningane?

Pronomen

Personlege pronomen blir bøygde i kjønn og tal. Personlege pronomen har ei subjektsform og ei objektsform. Subjektsforma viser den som gjer noko: **Eg elskar**. Objektsforma viser kva eller kven handlinga er retta mot: **Ho elskar meg**.

Pronomen			Bokmål		
Tal og kjønn	Subjektsform	Objektsform	Tall og kjønn	Subjektsform	Objektsform
1. pers., eintal	eg	meg	1. pers., entall	jeg	meg
2. pers., eintal	du	deg	2. pers., entall	du	deg
3. pers., eintal, hankjønn	han	han	3. pers., entall, hankjønn	han, den	han/ham, den
3. pers., eintal, hokjønn	ho	ho/henne	3. pers., entall, hunkjønn	hun, den	henne, den
3. pers., eintal, inkjekjønn	det	det	3. pers., entall, intetkjønn	det	det
1. pers., fleirtal	vi/me	oss	1. pers., flertall	vi	oss
2. pers., fleirtal	de/dokker	dykk/dokker	2. pers., flertall	dere	dere
3. pers., fleirtal	dei	dei	3. pers., flertall	de	dem

I nynorsk bruker vi ikkje *den* som personleg pronomen. I staden bruker vi *han* eller *ho*:

NN: *Eg las boka du lånte meg. Ho var fantastisk!*

BM: *Jeg leste boka du lånte meg. Den var fantastisk!*

NN: *Gratulerer med ny sykkel. Han ser dyr ut.*

BM: *Gratulerer med ny sykkel. Den ser dyr ut.*

Vi bruker peikeordet *den* når vi vil peike på noko spesielt: *Det er den eg vil ha.*

Ubøyelge pronomener

Så langt har vi teke for oss pronomener med bøyning. Men det finst ein del pronomener som er ubøyelge.

Kven, kva	Seg	Ein	Kvarandre
Spørjepronomen	Refleksivt pronomener	Ubestemt pronomener	Resiprokt pronomener
På nynorsk heiter <i>hvem kven, hva</i> heiter <i>kva</i> .	Det refleksive pronomenet heiter <i>seg</i> både på nynorsk og bokmål.	På nynorsk bruker vi berre <i>ein</i> , aldri <i>man</i> .	På nynorsk heiter det resiproke pronomenet <i>kvarandre</i> .

114 | Kapittel 5 Sidemålet i bruk

Andre spørjeord:

NN: <i>kvifor</i>	BM: <i>hvorfor</i>
NN: <i>korleis</i>	BM: <i>hordan</i>
NN: <i>kvar</i> eller <i>kor</i>	BM: <i>hvor</i>
NN: <i>kva</i> <i>for</i> eller <i>kva</i>	BM: <i>hvilk</i>

Desse spørjeorda er adverb og ikkje pronomen.

Kvar og kor

Spørjeordet *hvor* på bokmål heiter *kvar* eller *kor* på nynorsk. Vi bruker *kvar* eller *kor* om staden, men berre *kor* dersom vi vil spørje om graden av noko, altså kor mykje eller lite av noko.

Kvar/kor bur den tøffe jenta som skreiv den beste artikkelen eg har lese?
Kor mange gonger har du ikkje spurt om nett det?

OPPGÅVER

- 28 Studer tabellen for pronomen på side 113. Lag to setningar der du bruker både subjekts- og objektsform av 2. person fleirtal på nynorsk. Finn ut kva for ei av dei to valfrie formene du vil bruke, og fortel ein medelev kvifor du valde den forma.
- 29 Tenk deg at du er journalist i ei lokalavis i Rosenholm der handlinga i eksempletteksten gjekk føre seg. Formuler seks spørsmål til lensmannen og KRIPOS-etterforskaren om hendinga. Bruk spørjeorda.

Determinativ (bestemmarord)

Determinativa seier noko om kven som *eig* noko, om noko er *bestemt* eller *ubestemt*, eller kor *mykje* eller *mange* det er av noko, eller det *peiker ut* noko blant fleire moglegheiter. Determinativa seier noko om substantiva. Dei blir òg kalla *bestemmarord*.

Determinativa deler vi i grupper:

- Egedomsord: *min, hans, vår, sin*
- Peikeord: *den, dei* (NN)/*de* (BM), *denne, denne* (NN)/*disse* (BM), *slik*
- Mengdeord: *ein/ei/eit* (NN), *en/ei/et* (BM), *fire, ti, nokon* (NN)/*noen* (BM), *ingen, mange, alle*
- Orda som forsterkar subjektet: *sjølv* og *eigen* (NN) / *selv/sjøl* og *egen* (BM)

Eigedomsord				
	Nynorsk		Bokmål	
	eintal	fleirtal	entall	flertall
1. person	<i>min, mi, mitt, mine</i>	<i>vår, vårt, våre</i>	<i>min, mi, mitt, mine</i>	<i>vår, vårt, våre</i>
2. person	<i>din, di, ditt, dine</i>	<i>dykker/dokkar</i>	<i>din, di, ditt, dine</i>	<i>deres</i>
3. person	<i>hans/sin, si, sitt, sine hennar/sin, si, sitt, sine</i>	<i>deira/si, si, sitt, sine</i>	<i>hans/sin, si, sitt, sine hennes/sin, si, sitt, sine</i>	<i>deres/sin, si, sitt, sine</i>

Hennes heiter *hennar* på nynorsk, men elles er det i fleirtal at nynorsk har former som skil seg frå bokmål:

NN: *Til dykk vil eg seie at dette var dykker siste sjanse.*

BM: *Til dere vil jeg si at dette var deres siste sjanse.*

NN: *Dei visste at prestasjonen ikkje var deira beste.*


BM: *De visste at prestasjonen ikke var deres beste.*

Etterstilling av eigedomsord

I nynorsk står eigedomsordet helst etter substantivet:

Matpakka hennar ser god ut.

I bokmål kan vi òg seie og skrive: *Hennes matpakke ser god ut.*



Vi kan likevel i nokre situasjonar seie på nynorsk: *Hennar matpakke ser betre ut enn mi.* Da vil vi framheve at det nett er *hennar* matpakke det handlar om.

Anna, nokon og ingen

Desse mengdeorda blir bøygde etter kjønn og i tal:

hankjønn	hokjønn	inkjekjønn	fleirtal
annan gong	anna meinung	anna hus	andre menneske
nokon gong	noka meinung	noko hinder	nokre/nokon menneske
ingen stad	inga meinung	ikkje noko	ingen menneske

I bokmål har vi lik bøyning i hankjønn og hokjønn: det heiter *annen, noen* og *ingen* i begge tilfelle.

Skilnaden på nokon og nokre

Fekk du nokon meldingar?

Ja, eg fekk nokre svar dagen etterpå.

Dette svarar til skiljet mellom *any* (nokon) og *some* (nokre) på engelsk. Vi kan godt bruke *noen* i begge tilfella på bokmål, men *noen* er ikkje lov på nynorsk.

Dobbel bestemming

På bokmål kan vi av og til møte formuleringar som:

De eleven som ikke har levert inn sine skolebøker ved årets slutt, vil få en regning i posten.

På nynorsk skriv vi:

Dei elevane som ikkje har levert inn skolebøkene sine ved slutten av året, vil få ei rekning i posten.

Vi bruker altså bestemt form av substantivet i samsvar med vanleg talemål i Noreg. Dette blir kalla *dobel bestemming*. Det vil seie at vi må setje substantiva i bestemt form dersom vi skal bruke eit peikeord framfor dei, for eksempel peikeorda *dei, det, den* og *denne*. Bokmål bør òg bruke dobbel bestemming i slike formuleringar.

Ordet *eigen* har ei eiga bøyning

eigen har same type bøyning som adjektivet *liten*, det vil seie at det får ei hokjønnsform.

eigen *eiga* *eige* *eigne*

Han gjekk sin *eigen* veg.
Ho hadde si *eiga* mening.
Han veit ikkje sitt *eige* beste.
Pass dine *eigne* saker.

OPPGÅVER

30 a Omset følgjande utsegn til bokmål: Dykkar

eige rom er større enn hytta deira, sa eg til foreldra mine, sjølv om nokon meiner at mi eiga mening om den saka var styrt av nokre heilt usaklege grunnar. Eg ville så gjerne på mi eiga hytteutflukt, men eg får visst aldri lov til nokon ting!

b Kven kan du tenkje deg til at *dykkar* og *deira* er, i nynorskversjonen?

c Samanlikn nynorskversjonen og di eiga omsetjing. Kva for ein versjon er mest eintydig? Grunngi svaret ditt.

31 a Finn alle eigedomsorda i nynorskversjonen av eksemplteksten. Samanlikn med bokmålsversjonen: Står eigedomsorda framfor eller etter substantivet? Skriv ei forklaring til funna dine.

b Forklar til ein medelev kva du har funne ut, og vurder kva for ein versjon som ligg nærmast talemålet ditt.

32 Finn det eine tilfellet av dobbel bestemming med peikeord i bokmålsversjonen av eksemplteksten. Skriv substantivet om til ubestemt form. Vurder kva det gjer med teksten.

33 a Gå saman to og to. Bli einige om ein song på engelsk som de vil omsetje til sidemål.

b Omset halve teksten kvar og les forslaga dykkar for kvarandre.

c Ver skrivevenn for kvarandre og gi forbetringsforslag. Framfør teksten saman for klassen etterpå.

d Kva må de øve på i sidemål for å bli enda betre? Skriv ned tre ting kvar som de treng å øve på.

118 | Kapittel 5 Sidemålet i bruk

34 a Sjå på biletet. Skriv ned tre assosiasjonar du får.

- b** Ta utgangspunkt i ein av assosiasjonane dine og skriv ein kort tekst på sidemålet.
- c** Les igjennom teksten din. Har du bøyg substantiv, adjektiv og verb rett? Har du hugsa dei andre grammatikkreglane?
- d** Gå saman to og to. Les tekstane til kvarandre og rett grammatiske feil hos kvarandre.
- e** Gi kvarandre ei oppsummering om kva grammatikkreglar de bør øve meir på.

35 a Omset teksten under til nynorsk:

Pizza

Mye tyder på at ordet pizza har felles opphav med de norske ordene å bite, en bit og også med ord i andre germanske språk, som engelsk to bite, a bit, og også tysk zu beissen, ein Bissen. I det første århundret e.Kr. var Italia dominert av de germanskalandende folkeslagene gotere og langobarder. Det er mulig ordet

pizza kommer fra langobardisk og har samme rot som gammelhøytysk bizzo eller pizzo. Den opprinnelige betydningen av bizzo var «munnfull», senere ble det en betegnelse for «et stykke brød». Derfra var det ikke langt til dagens runde, flate brødleiv.

(Uri, Husby, Tonne, Vestad: *Snakk om språk*. Universitetsforlaget 2008)

- b** Bruk sjekklista under til å finpusse på omsetjinga di.
- c** Diskuter med ein medelev kva som var lettast og kva som var vanskelegast å hugse på da de skulle omsetje teksten.
- 36 a** Lag ei digital biletforteljing. Ta bilete av folk som gjer noko, til dømes les, syklar, skriv. Set bileta saman og skriv ei forteljing som hører til bileta.
- b** Vis biletforteljingane dykkar for kvarandre. Anten to og to eller i grupper.



Kapittel 5 Sidemålet i bruk | **119**



I mål?

- Kva synest du er vanskeleg med sidemålet ditt? Skriv reglar for det du synest er vanskeleg, og ei liste over kva du vil øve på før heildagsprøver og eksamen.
- Dersom du skulle forklare ein elev på trinnet under deg kva du har lært i dette kapittelet, som du ikkje kunne i fjar, kva hadde du da sagt?
- Kva meiner du er den mest effektive måten å få greie på korleis du skal bøye eit sterkt verb på nynorsk?
- Vel tre av desse omgrepene og skriv ned di eiga forklaring på kva dei betyr: *genitiv, dobbel bestemming, samsvarsbøyning, perfektum partisipp, aktivt språk, passiv verform*. Forklar dei til ein medelev som har valt andre omgrep enn du har gjort.
- Meiner du at bokmål eller nynorsk er nærmast talemålet ditt? Grunngi svaret ditt.

PA NETT

På elevnettstaden kan du finne desse ressursane til kapittelet:

- Læringsplakatane
- Minigrammatikk på nynorsk og på bokmål
- Kapittelquiz
- Digitale oppgåver

www.lokus.no/direkte/fabel/